

Hareid kommune har investert i ny teknologi:

– Desinfeksjonsroboten kan potensielt redde liv

Roboten, som av produsenten blir kalla for innovasjon av tradisjonell smittevask, fjernar alt av mikroorganismar i eit rom – og vil vere uvurderleg i kampen mot til dømes koronaviruset, meiner Robert Kjøde.

Av Ole-OttarKarlsen Høgstavoll
ole.ottar@vikebladet.no

PUBLISERT: 24 SEPTEMBER 2020 06:48

Han er driftsteknikar innanfor feltet velferdsteknologi i Hareid kommune. Onsdag denne veka blei Vikebladet Vestposten med han til Hareid sjukeheim, der han viste fram den nyinnkjøpte maskina, av merket Decon-X.

Sjølv om den norskutvikla maskina kostar rundt 300.000 kroner, er det ei god investering, meiner Robert Kjøde.

– Den kan potensielt redde liv. Det er eg overtydd om, seier han til lokalavisa.



Revolusjon innan smittevern: Robert Kjøde, som er driftsteknikar innanfor feltet velferdsteknologi i Hareid kommune, står her med desinfeksjonsroboten kommunen har kjøpt inn. Han beskriv den norskutvikla roboten som revolusjonerande innan arbeidet rundt betre smittevern – og meiner kommunen har investert i eit enormt bra verktøy, som kan redde liv. FOTO: OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL

Stasjonert på Hadartun

Produsenten av roboten meiner den kan vere løysinga på problemet med resistente bakteriar og sopp – og at teknologien kan setje ein stoppar for multiresistente mikrobar, som det i dag ikkje finnast nokon kur for. Roboten har allereie blitt teke i bruk ved over 100 helseinstitusjonar i Norge.

Roboten, som var på plass like før sommaren, kan nyttast i alle kommunale bygg i Hareid – til dømes på sjukeheimen, helsestasjonen, barnehagar og skular. Roboten Hareid kommune har kjøpt inn har ein kapasitet på opp til 200 kubikk.

Den vil bli stasjonert hos reinhaldarane på Hareid sjukeheim, men er lett å flytte med seg over i ein bil dersom det blir behov for den andre stader. – Vi har mange dyktige reinhaldspersonell i kommunen, men menneske vil aldri kunne klare det same som ei slik maskin – når det kjem til effekt. Roboten tek knekken på 99,99 prosent av mikroorganismane i romma den blir sett til å jobbe i, seier Robert Kjøde.

«Tørr tåke» som tek livet av mikroorganismane

Først forseglar ein ventilasjonspunkt, brannalarmer, vindauge og anna – og etter at ein har sett i gang roboten går ein ut av rommet og teipar igjen glipane rundt døra inn til rommet. Roboten spreier så hydrogenperoksid ut i rommet i form av ei «tørr tåke», nesten som ein røykmaskin.

Denne tåka set seg så fast på mikrobane, og etsar seg gjennom det ytre skalet og oksiderer kjernen deira.

Desinfiseringsteknikken har vist seg svært effektiv mot dei fleste kjende bakteriar, virus og sporar. I tillegg blir ikkje møblar, tekstilar og elektronikk skadd av prosessen. Restproduktet består berre av oksygen og vassdamp.

– Når maskina er ferdig får ein både tekstmelding og e-post frå den. Og – om det er noko som ikkje går etter planen, får ein beskjed frå maskina, då den er utstyrt med avanserte sensorar, seier Kjøde.

Han fortel at han snart skal i gang med kursing av helsepersonellet og reinhaldsarbeidarane ved Hareid sjukeheim, slik at dei også kan nytte maskina.

– Skal det til dømes kome eit smittetilfelle, anten det er Covid-19 eller eit anna frykta virus, noroviruset – så skal ein enkelt kunne hente maskina, setje den i gang – og desinfisere der det er behov for det, seier Robert Kjøde.



Hydrogenperoksid: På innsida av roboten finn ein mellom anna ei kanne med hydrogenperoksid, middelet som blir fordelt rundt i rommet ein skal desinfisere. FOTO: OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL

Også Ulstein har kjøpt robot



Har også investert: Aage Christensen, dagleg leiar i Ulstein Eigedomsselskap KF, fortel at også Ulstein kommune har investert i ein desinfeksjonsrobot. FOTO: ARKIV

Også Ulstein kommune har kjøpt inn denne teknologien. Det fortel Aage Christensen, dagleg leiar i Ulstein Eigedomsselskap KF.

– Det stemmer. Vi hadde ein slik desinfeksjonsrobot på plass like etter påske – og erfaringane med den så langt er gode. Vi har fått testa den ut, og tilbakemeldingane var at den fungerer bra, seier Christensen.

Han seier at kommunen kjøpte inn maskina for å ha betre beredskap på plass om det skulle oppstå nye smittetilfelle – og ein difor treng utstyr i tilfelle ein må vaske ned areal.

Per i dag er roboten til Ulstein kommune knytt til Alvehaugen og omsorgssenteret, men kan også nyttast til dømes på helsestasjonen og andre stader, fortel Christensen.